

Jannicke Bjørvik

Menneska bak kiseventyret

Dei tilsette ved Ytterø Mining Company i 1865

Bacheloroppgåve i Historie
Rettleiar: Pål Thonstad Sandvik
Mai 2024

Jannicke Bjørvik

Menneska bak kiseventyret

Dei tilsette ved Ytterø Mining Company i 1865

Bacheloroppgåve i Historie
Rettleiar: Pål Thonstad Sandvik
Mai 2024

Noregs teknisk-naturvitenskaplege universitet
Det humanistiske fakultetet



Samandrag

Denne oppgåva undersøker kven som var tilsett hos Ytterø Mining Company i 1865. Med utgangspunkt i 1865-folketeljinga for Ytterøy prestegjeld, er målet å finne ut meir om menneska som stod bak kiseventyret på Ytterøy i 1860-åra. Sentrale spørsmål i denne oppgåva er derfor: Var det menn eller kvinner som var tilsett hos gruveselskapet? Kor gamle var dei? Kor kom dei frå? Kor budde dei? Var dei gifte, ugifte eller enker/enkemenn? Og budde dei saman med familie? For å svare på desse spørsmåla, blir dei tilsette undersøkt ved hjelp av kategoriane «bustad», «fødestad», «familie» og «alder». Desse kategoriane blir også brukt for å undersøke dagarbeidarane som budde på Ytterøy i 1865. I eit forsøk på å få fram arbeidet som kvinnene kan ha gjort for gruveselskapet, er det dei kvinnelege dagarbeidarane som har størst fokus i oppgåva.

Abstract

This thesis examines the people who were employed at the Ytterø Mining Company in 1865. Based on the 1865 census from Ytterøy parish, the aim is to highlight the people behind the pyrite adventure on Ytterøy in the 1860s. Central questions in this thesis are therefore: Were men or women employed at the mining company? How old were they? Where did they come from? What did they live? Were they married, single or widowed? And did they live with family? To answer these questions, the employees are examined using the categories "residence", "town of birth", "family" and "age". These categories are also used to examine the day laborers who lived on Ytterøy in 1865. To highlight the work that women may have done for the mining company, it is the female day laborers who receive most attention in this thesis.

Innhaldsliste

Kapittel 1: Introduksjon	3
Innleiding og problemstilling.....	3
Framgangsmåte og kjelder.....	4
Litteraturoversikt.....	5
Kiseventyret	7
Ytterøy og gruvene	8
Kapittel 2: Dei tilsette ved Ytterø Mining Company	10
Mann eller kvinne?	10
Bustad	10
<i>Nordaust eller sørvest?</i>	11
<i>Gardane som husa tilsette</i>	11
<i>Gardar eigd av gruveselskapet: Forberg vestre og Værås vestre</i>	14
<i>Privat utleige: Forberg austre, Øvre og Stangerholdt</i>	16
<i>Andre gardar</i>	17
<i>Gruvene og gardane</i>	18
Fødestad.....	20
<i>Nordre Trondhjems amt</i>	20
<i>Søndre Trondhjems amt</i>	20
<i>Andre amt</i>	21
<i>Utlendingane</i>	22
<i>Kvifor flytte?</i>	22
Familie.....	24
Alder	26
Kapittel 3: Dagarbeidarane på Ytterøy	28
Bustad	28
Fødestad.....	31
Sivilstatus og familie	32
Alder	33
Kapittel 4: Oppsummering og avslutning	34
Litteraturliste.....	36

Kapittel 1: Introduksjon

Innleiing og problemstilling

På 1860-talet kunne Ytterøy, ei øy langt inne i Trondheimsfjorden, karakteriserast som eit gruvesamfunn. Sjølv om gruvedrifta kan sporast tilbake til 1500-talet, var det først i 1860-åra at drifta verkeleg skaut fart.¹ I 1867 produserte over 400 tilsette nesten 40 000 tonn svovelkis, noko som vil seie over halvparten av den samla svovelkisproduksjonen i Noreg på denne tida. Ytterø Mining Company kan derfor reknast som det største bergverket i landet frå 1866 til 1868. I denne perioden arbeida det fleire personar ved gruvene på Ytterøy enn i gruvene på Røros og Kongsberg.²

Denne oppgåva tek utgangspunkt i «det store kiseventyret» som kjenneteiknar gruvedrifta på Ytterøy i 1860-åra.³ Til tross for at bergverket hadde ein leiande posisjon innan utvinning av svovelkis i Noreg, og eksporterte fleire tusen tonn til Storbritannia, har historia fått lite merksemd. Målet med denne oppgåva er derfor å kaste lys over ein viktig periode i norsk historie som foreløpig er lite undersøkt. Funna som denne oppgåva presenterer vil vere eit forsøk på å auke kunnskapen om eit tema som, i mine auge, bør få sin plass i noregshistoria.

Gruvedrifta på Ytterøy i 1860-åra er sjølv sagt eit stort tema som krev avgrensing. Eg har derfor valt å fokusere på det som var grunnleggjande for drifta, nemleg menneska. Med utgangspunkt i folketeljinga frå 1865, vil eg sjå nærmare på dei som arbeida ved gruvene dette året. Med andre ord: Kven var tilsett ved Ytterø Mining Company i 1865? Var dei menn eller kvinner? Kor gamle var dei? Kor kom dei frå? Kor budde dei? Var dei gifte, ugifte eller enker/enkemenn? Og budde dei med familie?

Spørsmåla ovanfor er interessante fordi dei gir eit innblikk i gruvehistoria på Ytterøy i 1860-åra, men også fordi dei gir eit innblikk i ulike samfunnsforhold i denne perioden. Ytterø Mining

¹ Aas, E. (2018). *Bergverket på Ytterøy: Historien om Trøndelags første kobberverk og Norges største svovelkisgruve*. Ytterøy Bygdetun, Stiftelsen: 21

² Koren, K. (1896). *Anton Sophus Bachke: Træk af hans Liv og Virksomhed 1836-20/6-1896*. W.C Fabritius & Sønners Bogtrykkeri: 18

³ Aas 2018: 53

Company var på si tid ei stor bedrift som vaks fram i takt med industrialiseringa og behovet for svovelkis. Opprettinga av bedrifta skapte ein ekspansjon i gruvedrifta, og arbeidsstokken vaks. Ved å undersøke personane som var tilsette hos gruveselskapet i 1865, får ein eit innblikk i korleis denne arbeidsstokken var samansett på 1860-talet, men også korleis samansettinga vart prega av samfunnet. Dei tilsette ved Ytterø Mining Company levde nemleg i eit patriarchalsk bondesamfunn som stod ovanfor ulike økonomiske omveltingar. Vidare i oppgåva vil omgrepene «tilsett» bli brukt for å referere til alle som vart registrert i folketeljinga med tilknyting til gruvedrifta.

Framgangsmåte og kjelder

For å få eit innblikk i kven som var tilsett ved Ytterø Mining Company i 1865, er det som sagt folketeljinga frå 1865 som blir brukt. I denne samanhengen var det folketeljinga for Ytterøy prestegjeld som var av størst interesse. Grunnen til at akkurat denne kjelda vart brukt, var fordi den inneholdt opplysningar som blant anna namn, alder, bustad, fødestad, sivilstatus, yrke og familiestilling. For å finne denne informasjonen, vart det mest tidseffektivt å ta i bruk den digitale versjonen av folketeljinga på Digitalarkivet. Her samla eg inn opplysningar om dei tilsette i tabellar og diagram, noko som gjorde det enklare å få ei oversikt over informasjonen som var tilgjengeleg. Dei fleste tala som blir presentert i oppgåva er derfor basert på eigne utrekningar som er gjort ved hjelp av desse tabellane og diagramma.

Opplysningane vart i hovudsak samla inn ved hjelp av teljekretsane for Ytterøy. I 1865 bestod nemleg Ytterøy prestegjeld av områda vi i dag kallar for Ytterøy, Mosvik og Verran. I folketeljinga har desse områda fått tre teljekretsar kvar, noko som vil seie at prestegjeldet hadde ni teljekretsar til saman.⁴ Sidan dei tre første kretsane dekkjer Ytterøy, var det desse som var mest relevante for oppgåva.

Når det gjeld bruken av folketeljinga frå 1865 som kjelde er det viktig å vere klar over ulike utfordringar. Offisiell statistikk blir som oftast sett på som ei kjelde til nøyaktige fakta, men feil kan likevel førekome. Ifølgje Einar Lie kan det for eksempel vere noko som ikkje er teke med,

⁴ Digitalarkivet. (1865). «Folketelling 1865 for 1772P Ytterøy prestegjeld». <https://www.digitalarkivet.no/source/38340>: 4

noko som er uklart, eller noko som har vorte misforstått.⁵ Det er sjølvsagt vanskeleg å seie heilt sikkert om noko er feil eller ikkje, men det er viktig å hugse på at kjeldene kan ha ulike avgrensingar. I denne samanhengen kan slike avgrensingar vere eit resultat av når på året teljinga vart gjort. Teljinga for Ytterøy prestegjeld vart utført i desember 1865 og i januar 1866, noko som vil seie at den vart utført på vinteren.⁶ I denne perioden kan det for eksempel ha vore mindre aktivitet ved gruvene, og det er mogleg at det fantes fleire tilsette enn folketeljinga gir uttrykk for. I tillegg er det ei moglegheit for at det fantes personar som utførte arbeid i gruvene, men som ikkje vart oppført med stillingar knytt til gruvedrifta i folketeljinga. Dette kan blant anna vere tilfellet for kvinnene og mennene som vart oppført som dagarbeidarar. I eit forsøk på å finne ut meir om gruvedrifta enn det som kjem fram i folketeljinga, omfattar også oppgåva dagarbeidarane som budde på Ytterøy i 1865.

Ved å sjå på dagarbeidarane vil oppgåva prøve å få fram det som ligg i skuggen. Dette gjeld spesielt arbeidet til kvinner. Ifølgje Gro Hagemann vart det utover 1800-talet enklare å setje eit skilje mellom familie og arbeid. Med denne utviklinga følgde ei oppfatning om at kvinnene høyrdet til familien, og mennene til arbeidet.⁷ Mange kvinner valde likevel å skaffe seg småjobbar for å få ekstra inntekt, noko som i liten grad vart registrert i folketeljinga frå 1865. Kvinnene vart i stor grad sett på som eit vedheng til mannen.⁸ Dette skaper eit bilde av kvinnene som passive samfunnsborgarar, og gir ikkje eit heilskapleg bilde av verkelegheita. Med dette sagt, er det mogleg at fleire kvinner utførte arbeid ved gruvene. Dette trengte ikkje nødvendigvis å ha omfatta arbeid inne i sjølve gruvene, men kan for eksempel ha vore administrative oppgåver, laging av mat, eller vasking og sying av klede. Informasjonen i folketeljinga gir derfor berre eit lite glimt av gruvedrifta på Ytterøy i 1865, og det er mykje ein ikkje ser.

Litteratuoversikt

Foreløpig er det skrive lite om gruvedrifta på Ytterøy. Riksarkivar Kristian Koren er likevel ein av få personar som har vist interesse for akkurat denne tematikken. Nærare bestemt var han interessert i verksstyrar Anton Sophus Bachke, og i 1896 skrev han, i forbindelse med 60-

⁵ Lie, E. & Roll-Hansen, H. (2001). *Faktisk talt: Statistikkens historie i Norge*. Universitetsforlaget: 9

⁶ Digitalarkivet 1865: 56

⁷ Hagemann, G. (2005). Del III De stummes leir? 1800-1900. I I. Blom & S. Sogner (Red.), *Med kjønnsperspektiv på norsk historie: Fra vikingtid til 2000-årsskiftet* (2. utg., s.157-253): 211

⁸ Hagemann 2005: 179-180

årsdagen til Bachke, festskriftet *Anton Sophus Bachke: Træk af hans liv og virksomhed 1836-20/6-1896*. Verket gir ei skildring av livet til Bachke, deriblant den sentrale rolla han hadde for gruvedrifta på Ytterøy etter 1861.⁹ I 1956 brukte bergingeniør Rolf Falck-Muus festskriftet for å skrive artikkelen ««Ytterøens Kaaberværk»: Et av de eldste bergverkene våre». Artikkelen vart gitt ut i ei årbok av Nord-Trøndelag Historielag, og som tittelen tilseier fokuserer Falck-Muus i hovudsak på koparverka i perioden før 1861. Både artikkelen hans og festskriftet til Koren hadde betydning for lokalhistorikar Eyvind Aas som, i lag med Stiftelsen Ytterøy Bygdetun, ga ut boka *Bergverket på Ytterøy: Historien om Trøndelags første kobberverk og Norges største svovelkisgruve* i 2018.¹⁰ Her blir lesaren presentert med ein gjennomgang av gruvedrifta frå 1500-talet og fram til 1912. I denne oppgåva er det sjølv sagt gjennomgangen av 1860-talet som har vore relevant.

Verka var nyttige kjelder når det gjaldt å få meir kunnskap om gruvedrifta på Ytterøy. Forfattarane gir ei generell oversikt over viktige hendingar i gruvehistoria, og spesielt 1860-åra. Likevel finst det fleire aspekt ved gruvedrifta som forfattarane ikkje fokuserer like mykje på. Sjølv om Aas nemner fleire tilsette i boka si, fokuserer verken han, Koren eller Falck-Muus på å undersøke kven som var tilsett hos gruveselskapet. Hos dei tre forfattarane ser det ut til å vere den overordna historia som har størst fokus.

I tillegg til litteraturen som omhandlar sjølve gruvehistoria på 1860-talet, vart det også nødvendig å ta i bruk litteratur som omhandlar det norske samfunnet på 1800-talet. Desse verka var viktige å bruke fordi dei ga meir kunnskap om korleis samfunnet var på denne tida, noko som var ein viktig føresetnad for å kunne tolke opplysningane frå folketeljinga. Her vart det brukt litteratur som *Bergverket på Ytterøy: Historien om Trøndelags første kobberverk og Norges største svovelkisgruve* av Eyvind Aas; *Bergverk i Norge: Kulturminner og historie* av Bjørn Ivar Berg (red.); *Faktisk talt* av Hege Roll-Hansen og Einar Lie; *Med kjønnsperspektiv på norsk historie* av Ida Blom og Sølvi Sogner (red.); *Trøndelags historie: Bind 3: Grensa blir global 1850 til 2005* av Ida Bull (red.); og *Ytterøy gårds- og slektshistorie: Bind 2: Matrikkelgårdene 1800-1930* av Bernt Martin Mikkelsen.

⁹ Koren 1896: vii

¹⁰ Aas 2018: 6

Kiseventyret

På 1800-talet var næringslivet i stor grad sentrert rundt primærnæringar som jordbruket. I kombinasjon med jordbruket tydde også mange til næringar som skogbruk, fiske og bergverk. Bergverksnæringa hadde i lang tid vore sentrert rundt metall som kopar, gull og sølv, noko som derimot endra seg utover 1800-talet.¹¹ I samanheng med industrialiseringa vaks den kjemiske industrien fram, og utviklinga var særleg sterk i Storbritannia. Industrien førte med seg eit behov for svovelkis, som kunne brukast til å framstille svovelsyre. I 1859 vart Lysaker Kemiske Fabrik oppretta med utgangspunkt i svovelsyreproduksjon.¹²

I 1860 fekk bergkandidat Anton Sophus Bachke tilbod om å bli styrar ved Lysaker Kemiske Fabrik. Her vart han kjend med Henrik Homan, ein advokat som visste mykje om kjemisk industri i Storbritannia. Homan visste blant anna at den kjemiske industrien hadde eit stort behov for svovelkis. Han og Bachke starta derfor leitinga etter aktuelle førekomstar på vegne av Lysaker Kemiske Fabrik.¹³ Da Bachke oppheldt seg i Trøndelag, gjekk turen til bergverket på Ytterøy. Her oppdaga han at øya hadde gode førekomstar av svovelkis, og gode moglegheiter for å frakte kisen med skip. Gruvene vart derfor kjøpt opp av blant anna Bachke og Homan i 1861.¹⁴ Det norske Kiskompagni vart oppretta, og overgangen frå kopar til svovelkis skapte ein auke i både produksjon og arbeidaran.¹⁵

Produksjon av svovelkis og talet på tilsette vart i løpet av 1862 til 1865 dobla. Ytterøy stod for betydelege delar av den norske årsproduksjonen gjennom denne perioden. Likevel stod bedrifta ovanfor ulike utfordringar. Bergverket hadde blant anna avgrensa fraktekapasitet, og Homan hadde mistanke om at prisen på svovelkis ville minke på grunn av dei nyopna gruvane i Spania. I håp om å løyse desse utfordringane, selde Bachke og dei andre eigarane gruvene til eit engelsk selskap i 1864. Det nye selskapet fekk namnet Ytterø Mining Company,¹⁶ og fram til 1868 opplevde bedrifta solide resultat med 1867 som toppår.¹⁷

¹¹ Berg, B. I. (2016a). Bergindustrien i moderne tid 1814-2015. I B. I. Berg (Red.), *Bergverk i Norge: Kulturminner og historie* (s. 65-100). Fagbokforlaget: 65

¹² Berg 2016a: 69-70

¹³ Aas 2018: 48-49

¹⁴ Koren 1896: 20-21

¹⁵ Aas 2018: 53

¹⁶ Koren 1896: 22

¹⁷ Koren 1896: 23-24

Ytterøy og gruvene

Opprettinga av Ytterøy Mining Company skapte eit behov for meir arbeidskraft, noko som ført til at mange kom flyttande til øya. Dersom ein tek utgangspunkt i folketeljinga for Ytterøy prestegjeld, budde det til saman 1499 personar på Ytterøy i 1865.¹⁸ Dette talet viser ei auke i innbyggjarar dersom ein samanliknar med folketalet frå 1845 og 1855. I 1845 vart det registrert 1085 personar på øya,¹⁹ og i 1855 hadde dette talet auka til 1239.²⁰ Det vil seie at talet på innbyggjarar hadde auka med over 400 personar på 20 år.

I takt med folketalet, vaks også talet på gruvene på Ytterøy. Etter at svovelkisindustrien fekk eit oppsving på 1860-talet, oppstod det ifølgje Eyvind Aas ein skjerpefeber i Noreg. Det vil seie at ein leita rundt om i landet etter aktuelle førekomstar. Heller ikkje Ytterøy unngjekk denne «feberen», og ein sette i gong med å undersøke heile øya i håp om å finne svovelkis. Ein av stadane som vart undersøkt var Nordvikskjerpa, som er markert lengst til venstre på kartet nedanfor. Seinare viste det seg derimot at skjerpa ikkje var drivverdige.²¹ Likevel fantes det 9 andre kisdrag på øya ifølgje Rolf Falck-Muus.²² Med utgangspunkt i figur 5 i artikkelen han skrev for Nord-Trøndelag Historielag i 1956, har kartet nedanfor vorte teikna for å vise plasseringa av dei ulike kisdraga og skjerpa på Ytterøy.

For å forstå plasseringa av gruvene, kan det vere ein fordel om lesaren får meir kjennskap til sjølve av øya. Dette vil gjer det enklare å forstå kor gruvene var plassert, men også funna i folketeljinga. Ytterøy ligg innerst i Trondheimsfjorden mellom Mosvik og Levanger i retninga nordaust til sørvest. Lengda er på rundt 13,5 km, og breidda er på 4,3 km.²³ Øya er berre 500 meter på det smalaste, noko som vil seie at dette punktet deler øya inn i to delar: ein nordaustleg del og ein sørvestleg del som er tre gongar så stor.²⁴

¹⁸ Digitalarkivet 1865: 56

¹⁹ Digitalarkivet. (1845). «Folketeljinga 1845, bind 9A: Nordre Trondhjems amt». <https://www.digitalarkivet.no/source/68687>: 79

²⁰ Digitalarkivet. (1855). «Folketeljinga 1855, bind 6A: Nordre Trondhjems amt og Nordland amt». <https://www.digitalarkivet.no/source/65531>: 46

²¹ Aas 2018: 55


²² Falck-Muus, R. (1956). „Ytterøyens Kaaberværk“: Et av de eldste bergverkene våre. Årbok for 1956, 36, s. 28-74 : 43-48

²³ Ytterøyutvalget. (u.å). Om Ytterøy. Ytterøy. <https://ytteroy.no/>

²⁴ Falck-Muus 1956: 40

På kartet nedanfor ser ein at det fantes ulike skjerp og kisdrag på den sørvestlege delen av øya, men at dei var langt færre enn på den nordaustlege delen. Falck-Muus påpeikar at områda som låg på den nordaustlege delen har vorte delt inn i 6 hovuddrag: eit som låg langt oppe i Felstadåsen; Stenvik-Bergvin-Lorvikan ytre; Laugsandskjerpa; Løvåsen-Felstadåsen; Solstad-Felstadåsen-Eines; og kisgruvene som inkluderte blant anna Storgruva og Le Breton.²⁵ Her kan det påpeikast at Falck-Muus skreiv artikkelen sin fleire tiår etter 1860-talet, og derfor er det utfordrande å vite nøyaktig kva kisdrag som var oppdaga på øya i 1865. Men dersom ein tenkjer tilbake på skjerpefeberen som oppstod på denne tida, er det vanskeleg å tru at skjerpa og draga som er markert på kartet nedanfor ikkje var oppdaga i 1865.

Oversikt over kisdrag og skjerp på Ytterøy²⁶



²⁵ Falck-Muus 1956: 43-45

²⁶ Falck-Muus 1956: 40

Kapittel 2: Dei tilsette ved Ytterø Mining Company

Mann eller kvinne?

Ifølgje folketeljinga frå 1865 var det å vere tilsett ved Ytterø Mining Company også det same som å vere mann. Undersøkinga av folketeljinga viste nemleg at det vart registrert 197 personar med tilknyting til gruvedrifta i Ytterøy prestegjeld, og alle var menn. Sidan samfunnet i stor grad var kjønnsdelt på 1800-talet, var dette eit funn som nesten var forventa. Funnet framstiller likevel gruvedrifta som eit arbeid som var fullstendig mannsdominert. Sjølv om det var vanlegare for menn å ha lønnsarbeid på denne tida, er det framleis vanskeleg å tru at ingen kvinner arbeida for gruveselskapet. Kvinnene vart også ein del av dei nye industriverksemndene som oppstod i denne perioden, og mange valde å skaffe seg småjobbar for å få ekstra inntekt.²⁷ Derfor er det mogleg at fleire kvinner arbeida for Ytterø Mining Company i 1865, noko som vil bli diskutert i kapittel 3. I dette kapittelet er det dei tilsette ved gruveselskapet som står i fokus.

Tidlegare i oppgåva har det vorte nemnt at omgrepet «tilsett» refererer til alle som vart registrert i folketeljinga med tilknyting til gruvedrifta. Her kan det presiserast at dette inkluderer stillingar som overstiger, stiger, køyredreng, bergarbeidar, byggmeister, snikkar, proviantskrivar, verksstyrar, verksbetjent og smed. Med utgangspunkt i folketeljinga og litteraturen som er nemnt i kapittel 1, vil resten av dette kapittelet sjå nærare på mennene som var tilsette ved Ytterø Mining Company i 1865. Desse mennene vil bli undersøkt med utgangspunkt i fire kategoriar: bustad, fødestad, familie og alder.

Bustad

Hans Andreassen Jemtvold budde i 1865 på ein husmannsplass på garden Forberg vestre.²⁸ For å få ei betre forståing av korleis han og dei andre tilsette var busett på Ytterøy i 1865, blir det først sett på korleis dei fordelte seg på øya. Deretter blir det sett nærare på gardane som husa tilsette, og fem av desse vil bli diskutert i detalj. I tillegg blir det undersøkt kva som var med å påverke busettingsmønsteret til dei 197 tilsette i 1865.

²⁷ Hagemann 2005: 184

²⁸ Digitalarkivet 1865: 27

Nordaust eller sørvest?

Av 1499 personar som budde på Ytterøy i 1865, var 764 av dei busett på den nordaustlege delen.²⁹ Det vil seie at folketalet fordelte seg nesten likt på dei to delane, noko som derimot ikkje var tilfellet for dei tilsette. Av 764 personar som budde på den nordaustleg delen, var 185 av dei tilsette ved Ytterø Mining Company. Dette talet står i sterkt motsetning til den andre delen av øya der 11 av 735 personar var tilsette.³⁰ Med tanke på at den sørvestlege delen er tre gongar så stor, kan det tenkjast at buforholda varierte i stor grad blant innbyggjarane, og dermed også blant dei tilsette ved gruveselskapet. Ifølgje Aud Mikkelsen Tretvik var «buforholda ei tid elendige»³¹ ved kisverket, noko som blant anna hadde samanheng med at det var trøngt om plassen. Tabellen nedanfor viser korleis innbyggjarane og dei tilsette fordelte seg på øya i 1865. Sjølv om det ikkje fantes store forskjellar i talet på innbyggjarar, hushald eller folkesette hus, var det altså stor forskjell på kor dei tilsette budde.

Oversikt over folketal og tilsette på Ytterøy i 1865³²

	Innbyggjarar	Hushald	Folkesette hus	Tilsette
Nordaustleg del	764	153	98	185
Sørvestleg del	735	127	114	11

Gardane som husa tilsette

Sjølv om 1800-talet var ei tid med store forandringar, viser busetjingsmönsteret til dei tilsette at Noreg framleis vart prega av det tradisjonelle jordbruksamfunnet. I folketeljinga har nemleg alle vorte registrert med utgangspunkt i garden eller plassen dei budde på. Gruvedrifta tilpassa seg dermed jordrukssamfunnet, og Ytterøy vart ikkje ein bergstad slik som Røros. Med utgangspunkt i boka til Bernt Martin Mikkelsen og funna i folketeljinga, har gardane som husa tilsette vorte markert på kartet nedanfor. Nummeret som gardane på den nordaustlege delen av øya har fått vart bestemt av kor mange tilsette som budde på kvar gard. Det vil seie at det budde flest tilsette på garden som er markert med tal nummer 1, og færrest tilsette på garden som er markert med tal nummer 15.


²⁹ Digitalarkivet 1865: 39

³⁰ Digitalarkivet 1865: 56 og 68

³¹ Tretvik, A. M. (2005b). Livet i og mellom husa. I I. Bull (Red.), *Trøndelags historie: Bind 3: Grenda blir global 1850 til 2005* (s. 145-170). Tapir Akademisk Forlag: 147

³² Digitalarkivet 1865: 8

Oversikt over gardar som husa tilsette i 1865³³



Her kan det påpeikast at det er usikkert kor garden Brustad vestre låg sidan det ikkje finst spor etter den i dag. Derfor er det usikkert om den låg der den har vorte markert på kartet. Det er også usikkert om Bervin er markert riktig med tanke på at garden vart skilt ut av Brustad vestre. Mikkelsen meiner den skal ha vore plassert mellom Stangerholdt og Brustad austre.³⁴ I tillegg fantes det sjølvsagt fleire gardar på øya enn dei som er markert på kartet, men ikkje alle er relevante i denne samanhengen. I denne delen av oppgåva er det nemleg berre gardane som husa tilsette som blir undersøkt. Sidan dei fleste budde på den nordaustlege delen av øya, er det desse gardane som har størst fokus.

³³ Mikkelsen, B. M. (2020). *Ytterøy gårds- og slektshistorie: Bind 2: Matrikkelgårdene 1800-1930*. Fagtrykk AS: kart først i boka

³⁴ Mikkelsen 2020: 48

Oversikt over nordaustlege gardar som husa tilsette i 1865³⁵

Gard	Tilsette	Personar totalt	Folkesette hus	Husmannsplassar	Tilsette på sjølve garden
Forberg vestre	73	142	12	7	1
Forberg austre	25	82	11	9	6
Øvre	22	67	9	8	11
Stangerholdt	15	43	5	4	4
Værås vestre	10	45	7	5	1
Falstad vestre, Brustad austre og Brustad vestre ³⁶	9	93	14	11	0
Brustad søndre	8	28	3	2	4
Barstad austre og vestre	6	46	5	4	6
Værås austre	6	45	6	5	3
Laugsand	4	22	3	2	4
Eid prestegard ³⁷	3	68	9	7	0
Falstad austre	1	15	2	1	0
Lillebarstad	1	11	2	1	1
Bervin	1	7	1	0	1
Østviken	1	6	1	0	1

Tabellen ovanfor viser ei oversikt over 15 av 19 gardar som låg på den nordaustlege delen av øya. Tala på kor mange folkesette hus som høyrdet til desse gardane inkluderer også husmannsplassane. Det vil seie at den nest siste kolonnen viser kor mange folkesette hus som var husmannsplassar. Det må likevel påpeikast at det er usikkert om desse tala er korrekte sidan husa i folketeljinga berre vart oppført med namn. Men dersom den første personen som står oppført på ein stad i folketeljinga vart registrert som husmann eller husmannsenke, har staden

³⁵ Digitalarkivet 1865: 8

³⁶ Bestod av tre forskjellige gardar som alle vart eigd av Johan Wilhelm Klüver. Informasjon henta frå Mikkelsen 2020: 34

³⁷ Eid prestegard har vorte rekna som ein av dei nordaustlege gardane sidan den låg på det smalast punktet på Ytterøy.

vorte tolka som ein husmannsplass i denne oppgåva. Tala i den nest siste kolonnen har derfor vorte rekna ut med utgangspunkt i dette.

Når det gjeld tabellen, er det fleire ting som kan påpeikast. Tala på tilsette i den andre kolonnen vorte rekna ut med utgangspunkt i alle folkesette husa som høyrde til garden. Det vil seie at talet inkludere både dei som budde på sjølve garden og dei som budde i andre hus. Den siste kolonnen viser derimot kor mange som budde på sjølve garden. Tala på kor mange folkesette hus som høyrde til gardane og kor mange som budde der, har vorte henta direkte frå folketeljinga. Sidan talet på tilsette fordelte seg ganske ujamt på dei ulike gardane, blir det undersøkt ulike forhold som kan ha påverka dette. Sidan det budde flest tilsette på Værås vestre, Stangerholdt, Øvre, Forberg austre og Forberg vestre, er det desse gardane som vil bli sett nærmere på.

Gardar eigd av gruveselskapet: Forberg vestre og Værås vestre

Verksstyrar Anton Sophus Bachke budde i 1865 på garden Forberg vestre saman med kona Barbara Bachke og barna deira.³⁸ Han var ein av 73 tilsette som budde på garden, noko som vil seie at Forberg vestre husa flest tilsette. Her kan det nemnast at Bachke var den einaste tilsette som budde på sjølve garden, og resten budde på husa og husmannsplassane som høyrde til Forberg vestre. Ytterø Mining Company kjøpte nemleg garden i 1865, og ifølgje Eyvind Aas brukte selskapet delar av den til å byggje bustadar for den nye arbeidsstokken og familiene deira.³⁹ I tillegg vart det oppretta administrasjonskontor for dei som styrte bergverket.⁴⁰ Dette kan vere grunnen til at ein sentral person som Bachke og familien hans budde akkurat her i 1865.

Bachke var ikkje den einaste med ei sentral stilling som budde på Forberg vestre i 1865. Overstiger Edvard Blewett var nemleg busett på det som truleg var ein husmannsplass på garden. Her budde han saman med kona Jachobed Blewett og barna deira.⁴¹ I tillegg var stiger

³⁸ Digitalarkivet 1865: 26

³⁹ Mikkelsen 2020: 66

⁴⁰ Aas 2018: 56

⁴¹ Digitalarkivet 1865: 26

Peter Christian Andreassen busett på husmannsplassen Hogstad øvre.⁴² Dette tyder på at utbygginga av bustadar og administrasjonskontor hadde skjedd i løpet av 1865. Arbeidsstokken vaks, og det var kanskje viktig for gruveselskapet å ha ein stad der sentrale personar som Blewett, Andreassen og Bachke, men også andre tilsette, kunne busette seg.

Gudmund Andreassen var ein av bergarbeidarane som var busett på Forberg vestre i 1865.⁴³ Til saman vart 69 av 73 tilsette på garden registrert i folketeljinga som bergarbeidrarar. I tillegg budde det ein bergsnikkar der.⁴⁴ Dei fleste av desse personane vart født andre stadar enn Ytterøy, og dei losjerte derfor på garden. Sidan delar av Forberg vestre vart brukt til å byggje bustadar for dei tilsette, kan det tyde på at gruveselskapet ønska å tilby husrom til alle som kom flyttande til øya. Dette blir også tydeleg dersom ein ser på korleis dei tilsette fordelte seg på nokon av husa som vart registrert på garden i folketeljinga.

I folketeljinga er det i hovudsak to folkesette hus som skil seg ut på Forberg vestre: Bergstuen og Smedjeloftet. På Bergstuen vart det registrert 19 tilsette, og på Smedjeloftet vart det registrert 20 tilsette.⁴⁵ Det vil seie at litt over halvparten av dei tilsette som var busett på Forberg vestre, budde på desse to stadane. Bergstuen og Smedjeloftet kan derfor vere eksempel på hus som vart bygd for å tilby bustad til dei som kom flyttande til Ytterøy.⁴⁶ Med tanke på at Bachke var den einaste tilsette som budde på sjølv garden, er det tydeleg at gruveselskapet prioriterte bruken av hus som Bergstuen og Smedjeloftet. Her kan det nemnast at begge desse stadane vart oppført i folketeljinga under garden Forberg vestre, men ifølgje Aas hørde dei til garden Værås.⁴⁷ Det er usikkert kvifor han skriv dette, og her har eg gått ut ifrå at stadane hørde til Forberg vestre sidan dei vart registrert slik i folketeljinga.

I tillegg til Forberg vestre vart også garden Værås vestre sold til gruveselskapet i 1865.⁴⁸ Til tross for at Aas skriv at også delar av denne garden vart brukt til å byggje bustadar, budde det

⁴² Digitalarkivet 1865: 26

⁴³ Digitalarkivet 1865: 27

⁴⁴ Digitalarkivet 1865: 28

⁴⁵ Digitalarkivet 1865: 28-30

⁴⁶ Aas 2018: 56

⁴⁷ Aas 2018: 68

⁴⁸ Mikkelsen 2020: 11

berre 10 tilsette her. Johannes Johnson var den einaste som budde på sjølve garden.⁴⁹ Utbygginga av bustadar kan sjølvsagt ha skjedd etter at folketeljinga vart gjord, noko som kan forklare kvifor dei tilsette fordelte seg ganske jamt på husa og husmannsplassane på garden. I tillegg kan dette forklare kvifor Værås vestre var mindre enn Forberg vestre i 1865. Dersom ein ser på tabellen over ser ein at talet på folkesette hus på Værås vestre var mindre enn på Forberg vestre. Forberg vestre hadde nemleg 12 folkesette hus til saman, og Værås vestre hadde 7 folkesette hus. Sjølv om begge gardane vart selt til gruveselskapet i 1865, fordelte dei tilsette seg altså ganske ujamt på dei to gardane.

Privat utleige: Forberg austre, Øvre og Stangerholdt

Peder Hanssen står oppført i folketeljinga som gardbrukar og sjølveigar av garden Forberg austre.⁵⁰ Hanssen kan derfor ikkje knytast til gruvedrifta, men likevel budde det mange tilsette på garden i 1865. Ifølgje folketeljinga budde det faktisk flest tilsette på garden etter Forberg vestre. Det budde totalt 82 personar her, og 25 av dei var tilsette ved Ytterø Mining Company. Av desse 25 personane budde berre 6 av dei på sjølve garden, og resten fordelte seg på husa og husmannsplassane. Med unntak av éin stad, budde det faktisk tilsette i alle folkesette hus på Forberg austre.

Med tanke på at det budde mange tilsette på Forberg austre, er det mogleg at Hanssen var ute etter leigeinntekter. Garden hadde nemleg mange folkesette hus, og det er forståeleg at Hanssen brukte denne moglegheita til å leige ut bustadar. På grunn av den nye arbeidsstokken var behovet for bustad stort allereie i 1865, og det er liten tvil om at garden hadde god kapasitet til å huse desse personane. Sidan talet på tilsette auka fram til toppåret i 1867, er det mogleg at det var nettopp storleiken på garden som var grunnen til at Ytterø Mining Company kjøpte Forberg austre i 1866.⁵¹ Det er vertfall interessant å leggje merke til at mange tilsette budde på ein gard som ikkje vart eigm av gruveselskapet i 1865.

⁴⁹ Digitalarkivet 1865: 31

⁵⁰ Digitalarkivet 1865: 24

⁵¹ Mikkelsen 2020: 59

I 1865 var Lorents Andreas Møen gardbrukar og sjølveigar av garden Øvre.⁵² Her budde det 64 personar totalt, og 22 av dei var tilsette. 11 av desse budde på sjølve garden, og resten fordelt seg på husa og husmannsplassane. Øvre vart heller ikkje eigd av Ytterø Mining Company, og det er mogleg at også Møen såg ein fordel i å leige ut bustadar. Dersom ein ser på tabellen ovanfor, ser ein at Øvre var relativt stor når det gjaldt talet på folkesette hus. Møen hadde derfor eit godt utgangspunkt for å skaffe seg leigeinntekter frå den nye arbeidsstokken på Ytterøy.

Overstiger Jon Guldahl var ifølgje folketeljinga sjølveigar av garden Stangerholdt.⁵³ Med utgangspunkt i alle områda som hørde til garden, budde det til saman 43 personar her i 1865. 15 av desse personane var tilsette hos gruveselskapet, inkludert Guldahl. Det vil seie at Stangerholdt var ein av gardane som husa flest tilsette. Heller ikkje denne garden vart eigd av gruveselskapet, men denne gongen ser ein eit eksempel på ein gard som vart eigd av nokon med tilknyting til gruvedrifta. Guldahl arbeida nemleg som overstiger for Ytterø Mining Company, men han hadde også arbeida ved gruvene i perioden før Bachke tok over drifta.⁵⁴ Derfor er det kanskje meir forståeleg at det budde fleire tilsette på Stangerholdt i forhold til dei andre gardane. 4 budde på sjølve garden, og 11 budde i husa og på husmannsplassane.

Andre gardar

Så langt er det berre gardane som husa flest tilsette som har vorte nemnt, men det budde også tilsette på 10 andre nordaustlege gardar. Sidan det budde relativt få tilsette her samanlikna med gardane som allereie har vorte nemnt, blir dei ikkje diskutert i detalj her. Det kan likevel påpeikast at busetjingsmønsteret til dei tilsette vart påverka av ulike faktorar. Det har tidlegare vorte nemnt at nokre gardar vart sold til gruveselskapet, og at storleiken på garden hadde noko å seie for dette mønsteret. Tabellen ovanfor viser at storleiken på garden, altså talet på folkesette hus, var med på å påverke kor mange som kunne busette seg der. Men det er likevel ein faktor som skil seg ut, nemleg plasseringa til gruvene. Dette vil bli diskutert lenger ned i oppgåva, men det kan nemnast at gruvene var med på å bestemme kor dei tilsette busette seg på øya.

⁵² Digitalarkivet 1865: 32

⁵³ Mikkelsen 2020: 49

⁵⁴ Aas 2018: 53

Etter å ha sett på dei tilsette som budde på den nordaustlege delen av øya, er det framleis nokre personar som ikkje er teke med. Dette gjeld 12 tilsette, og 11 av dei var fordelt på gardar på den sørvestlege delen av øya. Ifølgje folketeljinga var det 4 som budde på sjølve garden Gilberg øvre; 4 som budde på ein husmannsplass på Norvik øvre, 1 som budde på sjølve garden Røvik austre; 1 som budde på ein husmannsplass på Berg vestre; og 1 som budde i eit hus på Kjølsvik. Med unntak av den siste garden, låg dei andre gardane eit lite stykke sør på øya (sjå kartet med oversikt over gardane). Det vil seie at dei låg eit stykke vekk frå kisdraga på den nordaustlege delen.

Dersom ein ser på familiestillinga til dei tilsette som budde på den sørvestlege delen, kan ein forstå kvifor tre av dei budde der. Dei vart nemleg oppført som «son på plassen», og det er tydeleg at desse personane var vekse opp på øya. Likevel forklarer ikkje dette kvifor det budde 8 andre tilsette på den sørvestlege delen. Grunnen til at det budde tilsette på denne delen av øya hadde samanheng med gruvene, noko som vil bli diskutert lenger ned i oppgåva.

I tillegg til dei tilsette som budde på Ytterøy, vart det faktisk registrert ein person som budde i Mosvik. Sidan han budde på denne staden, kan han ha hatt periodevis arbeid i gruvene. Med tanke på at folketeljinga vart gjort på vinteren, er det mogleg at han ikkje utførte arbeid når teljinga vart gjort.


Gruvene og gardane

Sjølv om nokre gardar vart eigd av gruveselskapet i 1865, forklarer ikkje dette kvifor dei fleste tilsette var busett på den nordaustlege delen av øya. Denne ujamne fordelinga av tilsette har samanheng med plasseringa til gruvene. Tidlegare i oppgåva har det vorte nemnt at dei fleste gruvene låg på den nordaustlege delen av øya. Dersom ein teiknar eit kart som viser både gruvene og gardane som husa tilsette, kan ein tydeleg sjå at det fantes ein samanheng. Kartet nedanfor er derfor meint som ein illustrasjon som kan tydeleggjere samanhengen mellom plasseringa av gruvene og busetjingsmønsteret. Plasseringa av gruvene og gardane er henta frå dei to karta som har vorte vist tidlegare i oppgåva. Med tanke på at dei fleste tilsette budde på den nordaustlege delen av øya i 1865, kan det tyde på at dei ønska å bu i nærleiken av arbeidsplassen sin. For å unngå ein lang reiseveg når dei skulle arbeide, eller når dei drog heim,

er det forståeleg at dei fleste tilsette budde på den nordaustlege delen av øya. Ytterøy er som sagt 13,5 km lang, og dei tilsette ville fått lang reiseveg jo lenger sør på øya dei busette seg.

Samanhengen mellom plasseringa til gruvene og busetjingsmønsteret blir enda tydlegare dersom ein ser på dei tilsette som budde på den sørvestlege delen av øya. Sjølv om tre tilsette hadde vekse opp på denne delen, vart resten oppført som losjerande i folketeljinga. Kartet nedanfor viser at dei som budde eit stykke sør på øya, faktisk budde i nærleiken av gruver. Med tanke på at det faktisk budde ein stiger med namn Peder Jørgensen Reitan på den sørvestlege garden Gilberg øvre, er det ein stor sjanse for at det var han som hadde tilsyn av arbeidet som vart gjort ved desse gruvene.⁵⁵

Oversikt over gruver og gardar på Ytterøy



⁵⁵ Digitalarkivet 1865: 45

Fødestad

Johannes Andreassen var éin av 40 tilsette som vart født på Ytterøy.⁵⁶ Det er kanskje lite overraskande at øya hadde høgast fødselstal blant dei tilsette, men det er verdt å merke seg at dei fleste tilsette vart født andre stadar. Til saman var det 40 fødestadar blant dei 197 tilsette. Dei fleste av desse områda var prestegjeld, og vidare i oppgåva vil stadane bli forstått som dette med mindre noko anna blir presisert. Det finst derimot eit unntak: «Ytterøy» vil bli brukt i denne oppgåva for å referere til sjølve øya, og ikkje til prestegjeldet. Sidan det var 40 fødestadar blant dei tilsette, blir dei omtalt med utgangspunkt i amta dei var ein del av. På denne måten vil det vere enklare å få eit innblikk i korleis desse stadane fordele seg på kartet. I tillegg vil utlendingane bli omtalt med utgangspunkt i landet dei kom frå. Tala som blir presenterte i denne delen av oppgåva er basert på eigne utrekningar som er gjort

Nordre Trondhjems amt

Mikael Larssen var ein av 13 tilsette som vart født i Verdal i Nordre Trondhjems amt⁵⁷: fødestaden som hadde høgast fødselstal blant dei tilsette etter Ytterøy. Deretter var det 9 tilsette som vart født i Inderøy; 5 tilsette som vart født i Leksvik, og 5 tilsette som vart født i Skogn. Saman med Ytterøy var dette stadane dei fleste tilsette kom frå i amtet. Det fantes også tilsette som vart født andre stadar, men her er det berre éin person som vart født på kvar stad. Stadane det er snakk om er Levanger, Beitstad, Sparbu, Øvre Størdalen, og Mosvik. Mosvik var som sagt ein del av Ytterøy prestegjeld, og viser her til ei bygd og ikkje til eit prestegjeld. Med tanke på at prestegjeldet omfatta fleire område enn Ytterøy, er det utfordrande å vite om Lars Johannessen, ein tilsett som vart født i prestegjeldet, faktisk vart født på Ytterøy eller ikkje. I folketeljinga står det nemleg berre at han vart født i Ytterøy prestegjeld. Likevel må han reknast med når ein ser på dei som vart født i Nordre Trondhjems amt, noko som var tilfellet for 78 av 197 tilsette.

Søndre Trondhjems amt

Overstiger Jon Guldahl var éin av 13 tilsette som vart født i Røros.⁵⁸ Dette var staden som hadde høgast fødselstal blant dei tilsette som kom frå Søndre Trondhjems amt. Deretter var det 12

⁵⁶ Digitalarkivet 1865: 13

⁵⁷ Digitalarkivet 1865: 19

⁵⁸ Digitalarkivet 1865: 20

tilsette som vart født i Holtålen; 12 tilsette som vart født i Melhus; 7 tilsette som vart født i Støren; og 7 tilsette som vart født i kjøpstaden Trondheim. I tillegg var det 3 tilsette som vart født i Strinda; 3 tilsette som vart født i Orkdal; 3 tilsette som vart født i Stadsbygd; og 2 tilsette som vart født i Klæbu. I Søndre Trondhjems amt var det også stadar der det berre kom ein tilsett frå. Desse stadane omfattar Hemne, Oppdal og Rennebu. Tala viser dermed at 65 av 197 tilsette vart født i Søndre Trondhjems amt. Om ein reknar saman tala frå både Nordre og Søndre Trondhjems amt, ser ein at rundt 72% av alle tilsette kom frå området vi i dag kjenner som Trøndelag.

Andre amt

Erling Jonsen Aamodt var ein tilsett som vart født i Modum, og representerte dermed éin av 25 tilsette som vart født utanfor Trøndelag.⁵⁹ Det som er verdt å leggje merke til er at alle som ikkje vart født i Trøndelag, vart født på stadar sør for området. Det vart ikkje registrert nokon tilsette som vart født lenger nord enn Beitstad. Modum var eit prestegjeld som låg i Buskerud amt, og staden låg dermed eit stykke frå Trøndelag. Likevel representerer dette prestegjeldet eit unntak meir enn ein regel. Sjølv om dei fleste tilsette kom frå stadar lenger sør enn Trøndelag, låg dei fleste stadane i amt som grensa til Søndre Trondhjem. Aamodt var nemleg den einaste tilsette som kom frå Modum. Eit av amta som låg nærmest Søndre Trondhjem var på denne tida Romsdals amt, som var fødestaden til 2 tilsette. Desse kom frå Stangvik og Sunndal.

Hans Braaten var éin av 18 tilsette som vart født i Kristians amt. Han vart født i Gudbrandsdalen, som ikkje refererer til eit prestegjeld.⁶⁰ I amtet var det også 4 tilsette som vart født i Gausdal; 4 tilsette som vart født i Folldal; 3 tilsette som vart født i Lesja; 2 tilsette som vart født i Ringebu; 2 tilsette som vart født i Øyer; 1 tilsett som vart født i Land; og 1 tilsett som vart født i Søndre Fron. Eit anna amt som grensa til Søndre Trondhjem på denne tida var Hedemarkens amt. Her var det éin tilsett som vart født i Tolga. Deretter fantes det to tilsette som vart født i Stavanger amt. Den eine vart født i Kopervik og den andre i kjøpstaden Stavanger. I tillegg var det éin tilsett som vart født i kjøpstaden Kristiania i Kristiania amt. Dei fleste, med eit par unntak, kom dermed frå amt som grensa til Trøndelag.

⁵⁹ Digitalarkivet 1865: 11

⁶⁰ Digitalarkivet 1865: 12

Utlendingane

Magnus Nielsson var éin av 29 tilsette som vart født utanfor Noreg. Han var nemleg ein av 28 tilsette som vart født i Sverige.⁶¹ Det vil seie at, etter Ytterøy, var det faktisk Sverige som hadde høgst fødselstal blant dei tilsette. I folketeljinga vart det ikkje registrert nøyaktig kor i landet dei vart født, og ein kan berre anta at dei kom frå Jämtlands Län. Dei svenske tilsette var likevel ikkje dei einaste utlendingane på Ytterøy i 1865. Edvard Blewett vart nemleg født i England, og var den einaste engelskmannen som vart registrert i folketeljinga med tilknyting til gruvedrifta.⁶²

Det er ikkje overraskande at det arbeida ein del svenskar i gruvene på Ytterøy i 1865. Trøndarane hadde nemleg hatt kontakt med svenskane i lang tid, og ein stor del av utlendingane i regionen var frå Sverige. Ifølgje Aud Mikkelsen Tretvik kom dei fleste frå Jämtland og Härjedalen, og resultatet var dermed at mange gifta seg på tvers av grensene.⁶³ Anders Olson var for eksempel ein av dei svenske tilsette, og i 1865 var han gift med Elen Rebækka Petersdatter som kom frå Ytterøy.⁶⁴ Dette kan tyde på at Olson kom til Ytterøy for å arbeida, men enda opp med å gifte seg med nokon han møtte på øya.

Kvifor flytte?

Fødestaden til dei tilsette speglar ulike prosessar som gjekk føre seg på 1800-talet. På denne tida oppstod det ein befolkningsvekst som skapte press på ressursane. I tillegg hadde jordbruksoppstillinga eit toppunkt i 1855. Det vil seie at jordbruksoppstillinga aldri før hadde livnært så mange menneske. Befolkningsveksten førte til at ikkje alle fekk tilgang på jord eller ein stad å bu.⁶⁵ Mange hamna utanfor bondesamfunnet, og dette skapte ei gruppe husmenn som måtte finn andre måtar å leve seg på. Mange tydde derfor til ulike primærnæringer som dei av og til måtte reise for å finne.⁶⁶ Flyttinga kunne skje både lokalt og regionalt, noko som førte til at mange ikkje budde

⁶¹ Digitalarkivet 1865: 12

⁶² Digitalarkivet 1865: 26

⁶³ Tretvik, A. M. (2005a). Ei befolkning i vekst og rørsle. II. Bull (Red.), *Trøndelags historie: Bind 3: Grenda blir global 1850 til 2005* (s. 125-143). Tapir Akademisk Forlag: 136

⁶⁴ Digitalarkivet 1865: 29

⁶⁵ Sandvik, P. T. (2005b). Melk, marked og maskiner. II. Bull (Red.), *Trøndelags historie: Bind 3: Grenda blir global 1850 til 2005* (s. 39-59). Tapir Akademisk Forlag: 39

⁶⁶ Sandvik 2005b: 39-41

på staden der dei vart født. Med tanke på at mange tilsette kom frå stadene som ikkje låg i Trøndelag, kan dette tyde på at det var lite tilgang på arbeid der dei var født.

Det er interessant å sjå nærmere på nokre av fødestadane til dei tilsette. Tidlegare i denne delen av oppgåva vart det nemnt at 13 tilsette vart født i Røros. Det er ikkje overraskande at ein del tilsette kom frå denne staden med tanke på den lange gruvehistoria til Røros. Etter 1850-talet opplevde bergverket på Røros nedgang, noko som også var tilfellet for mange koparverk i Noreg. Prisen på kopar gjekk ned, og kisen på Røros inneheldt ikkje lenger mykje kopar.⁶⁷ Dei tilsette som vart født på Røros kan derfor ha arbeida i gruvene, men deretter funne Ytterøy meir attraktivt når nedgangen starta. Dette gjaldt også for dei 12 tilsette som vart født i Holtålen og den eine tilsette som vart født i Tolga. Røros koparverk dekte nemleg delar av det som i dag er Holtålen kommune. I tillegg fantes det ei smeltehytte i Tolga.⁶⁸

Røros var ikkje det einaste gruvesamfunnet som var fødestaden til nokon av dei tilsette. 4 tilsette kom som sagt frå Folldal, og i dette prestegjeldet låg nemleg Folldal verk. I løpet av 1860-talet gjekk drifta med underskot,⁶⁹ og det er mogleg at fleire tilsette fann det meir lønnsamt å skaffe seg arbeid på for eksempel Ytterøy. Sjølv om det berre var éin tilsett som vart født i Modum, har også denne staden ei tilknyting til gruvedrift. I denne samanhengen er kanskje Modum mest kjent for Modum Blåfarveverk, men verket var både kjemisk industri og bergverk.⁷⁰ I første halvdel av 1800-talet var bergverket størst i Noreg.⁷¹

Noko som la til rette for at folk kunne reise til Ytterøy for å skaffe seg arbeid, var blant anna den raske samferdselsutbygginga. Særleg frå midten av hundreåret vart det gjort fleire tiltak for å forbetre samferdselssystemet i Noreg.⁷² Mobiliteten til folk auka derfor i løpet av 1800-talet,

⁶⁷ Berg, B. I. (2016c). Røros kobberverk. I B. I. Berg (Red.), *Bergverk i Norge: Kulturminner og historie* (s. 151-164). Fagbokforlaget: 151

⁶⁸ Berg 2016c: 151

⁶⁹ Østenes, P. Ø. (2016). Folldal Verk. I B. I. Berg (Red.), *Bergverk i Norge: Kulturminner og historie* (s. 185-196). Fagbokforlaget: 185

⁷⁰ Berg, B. I. (2016b). Modum Blåfarveverk. I B. I. Berg (Red.), *Bergverk i Norge: Kulturminner og historie* (s. 297-306). Fagbokforlaget: 297

⁷¹ Berg 2016b: 298

⁷² Sandvik, P. T. (2005a). Et samfunn i bevegelse, kommunikasjonene bygges. I I. Bull (Red.), *Trøndelags historie: Bind 3: Grenda blir global 1850 til 2005* (s. 27-36). Tapir Akademisk Forlag: 29

og kan vere med på å forklare kvifor tilsette som Peder Ingebrigtsen kom heilt frå Folldal i Kristians amt.⁷³

Familie

Lars Person var ein svensk tilsett som var gift med Ane Hansdatter. Saman hadde dei to døtrer med namn Petra Lovise og Hanna Julie.⁷⁴ I 1865 var Person ein av dei tilsette som budde saman med familien sin, noko som er temaet i denne delen av oppgåva. For å finne ut kven som budde saman med familie, altså barn og/eller kone, vart sivilstatusen til dei 197 tilsette undersøkt. Her viste det seg at 79 var gifte, 115 var ugifte og 3 var enkemenn. Allereie her kan det påpeikast at det berre var dei gifte tilsette som budde saman med familien sin. Det vil seie at fokuset i denne delen av oppgåva er dei 79 personane som var gifte. Her vil det bli gjort eit skilje mellom dei som vart født på øya, og dei som vart født andre stadar. På denne måten kan ein få eit innblikk i om det var vanlegare for dei gifte tilsette som vart født på øya å bu saman med familie, eller om dette var vanlegare for dei som ikkje vart født på øya. Resultata av undersøkinga har vorte samla i tabellen nedanfor, og vil bli diskutert vidare i teksten.

Oversikt over gifte tilsette som budde med og utan familie i 1865

	Født på Ytterøy	Født andre stadar
Gift, og budde med familie	15	44
Gift, men budde utan familie	0	20

Elias Hanssen var ein gift tilsett som budde saman med kona Jokomina og tre barn.⁷⁵ I 1865 var Hanssen éin av 15 gifte tilsette som vart født på Ytterøy, noko som vil seie at 15 av 79 gifte tilsette vart født på øya. Det som er spesielt med desse 15 tilsette var at alle vart registrert med barn og/eller kone. I 1865 var det faktisk berre to av desse tilsette som ikkje vart registrert med barn. Det er sjølv sagt mogleg at dei hadde barn, men dei vart vertfall berre registrert med saman med kona si.

⁷³ Digitalarkivet 1865: 30

⁷⁴ Digitalarkivet 1865: 28

⁷⁵ Digitalarkivet 1865: 17

Med tanke på at alle gifte tilsette som vart født på Ytterøy budde saman med familien sin, er det stor sjanse for at dei var busett på øya før 1865. Dette blir tydlegare dersom ein ser på fødestaden til barna deira. Dersom ein familie ofte flytta på seg, er det større sjanse for at barna hadde varierande fødestad, noko som ikkje tilfellet for barna til dei gifte tilsette frå Ytterøy. Med unntak av to barn, vart nemleg alle født på øya. Det vil seie at dei 15 tilsette mest sannsynleg budde på øya med familien sin før 1865. Desse familiene kan for eksempel ha drive med jordbruk før mannen vart tilsett ved Ytterø Mining Company. Arbeid var nemleg ein viktig føresetnad for å kunne stifte familie.

Gudmund Samuelsen var ein gift tilsett som vart født i Lesja. Han budde på garden Værås vestre saman med kona Karen og to barn.⁷⁶ I denne samanhengen representerer Samuelsen éin av 64 gifte tilsette som vart født andre stadar enn på Ytterøy. Dersom ein ser på tabellen over, ser ein at dei fleste gifte tilsette vart født andre stadar enn på øya. Blant desse varierte det kven som budde saman med barn og/eller kone. Det er usikkert kvifor nokon budde utan familie, men det kan ha samanheng med at det var vanleg for menn som arbeida i andre primærnæringar enn jordbruksbruket å vere vekke frå familien sin i ulike periodar.⁷⁷ I tillegg er det mogleg at mannen reiste til øya aleine, og at familien følgde etter når mannen hadde fått seg jobb. Tabellen ovanfor viser likevel at dei som budde utan familie var i mindretal.

I 1865 budde dei fleste gifte tilsette som kom frå andre stadar saman med familien sin. Dette er med på å fortelje kor sentralt hushaldet og familien var på denne tida. Det gifteparet stod nemleg i sentrum av hushaldet. Ein var avhengig av både menn og kvinner sidan samfunnet i stor grad var kjønnsdelt. I tillegg vart mennene i større grad vart kopla saman med arbeidet, og det vart sett på som deira rolle å forsørge familien gjennom lønnsarbeid.⁷⁸ Derfor flytta kanskje familien til Ytterøy når mannen vart tilsett ved Ytterø Mining Company.

Henrik Knutsen vart ifølgje folketeljinga født i Hemne. Han var gift med Johanna Sara Gjertine som vart født på Baklandet i Trondheim. I lag fekk dei ein son som vart født i Strinda, og ein

⁷⁶ Digitalarkivet 1865: 31

⁷⁷ Hagemann 2005: 169

⁷⁸ Hagemann 2005: 164

son som vart født på Ytterøy.⁷⁹ Familien til Knutsen er eit eksempel på korleis fødestaden til familiemedlemmane kunne ha store variasjonar. Sjølvsgart var det ikkje tilfellet for alle familiene at kvart familiemedlem vart født ulike stadar, men fødestaden varierte ofte i familiene. Dersom ein ser på alle tilsette som budde saman med familien sin, altså 59 familiar totalt, er det interessant å leggje merke til variasjonen i fødestadar.

Fødestaden til familiemedlem varierte i 45 av 59 familiar i 1865. Det vil seie at det fantes 14 familiar der alle familiemedlemmane vart født på same stad. Når det gjeld dei 45 andre familiene, er det fleire ting som er interessante å leggje merke. Dersom fødestaden varierte i ein familie, var det som regel mellom den tilsette og kona hans. I 33 av 59 familiar varierte nemleg fødestaden mellom mannen og kona. Dette var derimot ikkje tilfellet for ein stor del av sønene og døtrene. Med utgangspunkt i 59 familiar, fantes det ifølgje folketeljinga 129⁸⁰ registrerte søner og døtrer i aldrar frå 1-26 år. 95 av desse vart født på same stad, nemleg Ytterøy. Dette kan tyde på at nokre menn hadde oppholdt seg på ulike stadar i landet før dei vart tilsette ved Ytterøy Mining Company. I tillegg er det tydeleg at mange fekk barn medan dei var busett på Ytterøy. Arbeidet som mennene hadde ved bergverket kan derfor ha vore ein viktig føresetnad for å kunne stifte og forsørge ein familie.

Alder


Ole Lorentsen var i følgje folketeljinga den yngste tilsette som arbeida for Ytterøy Mining Company i 1865. Han var 17 år gammal, og var den einaste tilsette registrert med denne alderen.⁸¹ Lars Olsen Galåen derimot, var den eldste tilsette på 66 år.⁸² Blant dei som var tilsette hos gruveselskapet, var han den einaste som vart registrert med denne alderen. Resten fordelte seg i nesten alle aldersgruppene mellom 17 og 66 år. Sidan det vart registrert 197 tilsette i folketeljinga, blir funna i denne delen av oppgåva presentert i diagrammet nedanfor slik at dei skal vere mest mogleg oversiktlege. Diagrammet viser kor mange tilsette som var i aldersgruppene under 20 år, 20-29 år, 30-39 år, 40-49 år og over 50 år i 1865.

⁷⁹ Digitalarkivet 1865: 29

⁸⁰ I enkelte av hushalda vart det registrert fosterbarn og barn av kona. Talet inkluderer også desse personane.

⁸¹ Digitalarkivet 1865: 31

⁸² Digitalarkivet 1865: 27



Knud Christensen var éin av 87 tilsette som var i 20-åra.⁸³ Som diagrammet viser, var mange av dei tilsette på alder med Christensen i 1865. Dersom ein reknar med dei som var under 20 år, var 104 av 197 tilsette under 30 år. Det vil seie at over halvparten av dei som var tilsette ved Ytterø Mining Company i 1865 var relativt unge. Noko av det som kan vere interessant å leggje merke til blant desse 104 tilsette var at 90 av dei var ugifte.

Ole Iversen Bakken var éin av dei ugifte tilsette, og i 1865 var han ifølgje folketeljinga 25 år.⁸⁴ Noko av grunnen til at unge, ugifte menn som Bakken tok seg jobb hos Ytterø Mining Company, har samanheng med behovet for å skaffe seg eit levebrød. Tidlegare i oppgåva har det vorte nemnt at mange av dei tilsette vart født andre stadar enn på Ytterøy, noko som betyr at mange reiste for å finne arbeid. Men det forklarer likevel ikkje kvifor dei fleste tilsette var yngre enn 30 år. For å prøve å forstå dette funnet, kan behovet for å finne levebrød tolkast i samanheng med giftemålsmønsteret på 1800-talet.

I det tradisjonelle jordbruksamfunnet var arbeid og giftemål noko som gjekk hand i hand. Gro Hagemann påpeikar blant anna at tilgangen på levebrød bestemte når ein kunne gifte seg.⁸⁵ Sjølv om ein stadig gjekk bort frå hushaldet som produksjonseining i løpet av 1800-talet, var dette ei utvikling som tok lang tid. Hushaldet var framleis viktig mange stadar i landet, og det var hovudsakleg byane som avveik mest frå dei tradisjonelle hushaldsstrukturane.⁸⁶ For å danne

⁸³ Digitalarkivet 1865: 14

⁸⁴ Digitalarkivet 1865: 21

⁸⁵ Hagemann 2005: 164

⁸⁶ Hagemann 2005: 171

eit hushald var ein avhengig av å ha eit levebrød som var meir enn tilfeldig arbeid. Ein måtte klare å forsørge familien gjennom arbeidet ein gjorde. Med knapp tilgang på levebrød, var giftemålsalderen høg.⁸⁷ For mange kunne det altså ta lang tid før ein fekk seg arbeid, og dermed lang tid før ein fekk eit tilstrekkeleg levebrød. Mange ugifte, unge menn reiste kanskje til Ytterøy i håp om å skaffe seg arbeid som var nok til å forsørge ein familie. Dette kan vere grunnen til at mange av barna til dei tilsette vart født på øya.

Dersom ein ser på diagrammet ovanfor, ser ein at det fantes tilsette som ikkje var i 20-åra. Dei tre siste søylene viser at det også var tilsette i aldrar over 50 år. Det var langt færre i denne aldersgruppa, men diagrammet viser at alderen på dei tilsette varierte i stor grad. Om ein ser bort ifrå at det fantes eit aldersspenn mellom 60 og 66 år, var det berre fem aldersgrupper som ikkje vart representert hos dei tilsette i 1865.

Kapittel 3: Dagarbeidarane på Ytterøy

I 1865 arbeida Kristine Eriksdatter som dagarbeidar på Ytterøy.⁸⁸ Det er usikkert kva ho faktisk arbeida med, og det er mogleg at ho utførte oppgåver for Ytterøy Mining Company. Sjølv om denne informasjonen ikkje er tilgjengeleg i folketeljinga, er dette kapittelet som sagt eit forsøk på å få fram det ein ikkje ser. Fleire av dagarbeidarane, både mannlege og kvinnelege, kan ha arbeida for gruveselskapet 1865. Med eit ønske om å få fram rolla som kvinnene kanskje hadde for gruvedrifta, er det dei kvinnelege dagarbeidarane som har størst fokus. Omgrepet «dagarbeidarar» refererer i denne samanhengen til alle registrerte dagarbeidarar eller dagarbeiderske som var busett på Ytterøy i 1865. Etter å ha undersøkt folketeljinga, kom det fram at det budde 32 dagarbeidarar på øya. 21 av desse var menn, og 11 var kvinner.

Bustad

Ingeborg Olsdatter budde ifølgje folketeljinga på det som truleg var ein husmannsplass på garden Værås vestre.⁸⁹ I denne delen av oppgåva blir det sett nærmere på korleis dagarbeidarar

⁸⁷ Hagemann 2005: 164

⁸⁸ Digitalarkivet 1865: 44

⁸⁹ Digitalarkivet 1865: 31

som Ingeborg fordelte seg på Ytterøy i 1865. Det fantes sjølvsagt dagarbeidarar som var busett i Mosvik og Verran, men med tanke på at gruvedrifta gjekk føre seg på Ytterøy, er det berre dei 32 dagarbeidarane som budde på øya som vil bli undersøkt. Først vil det bli gitt ein kort gjennomgang av dei nordaustlege gardane som husa dagarbeidarar, og deretter dei sørvestlege gardane. Til slutt blir det sett nærmere på kva dette busetjingsmønsteret indikerte.

Den nordaustlege garden som husa flest dagarbeidarar var i 1865 Falstad vestre, Brustad austre og Brustad vestre. Meir nøyaktig var 9 dagarbeidarar busett her, og alle var fordelt på ulike husmannsplassar. Ingeborg Nikolaisdatter og Lusia Olsdatter var dei einaste kvinnelege dagarbeidarane som budde på garden i 1865.⁹⁰

Marith Pedersdatter var ein av 3 dagarbeidarar som budde på Eid prestegard. Ho var den einaste kvinnen blant desse tre, og hadde på lik linje med dei to andre bustad på ein husmannsplass.⁹¹ Sjølv om talet på dagarbeidarar var relativt lågt, var Eid prestegard faktisk ein av gardane som husa flest dagarbeidarar etter Falstad vestre, Brustad austre og Brustad vestre i 1865.

Den tredje nordaustlege garden som husa flest dagarbeidarar var Øvre. Her budde det 3 dagarbeidarar som alle var busett på husmannsplassar. Det budde altså like mange dagarbeidarar her som på Eid prestegard. Karen Pedersdatter og Elisabeth Jensdatter var dei einaste kvinnelege dagarbeidarane som vart registrert på garden i 1865.⁹²

Thale Pedersdatter var ein av 2 dagarbeidarar som budde på garden Forberg austre. I motsetning til den andre dagarbeidaren, som var busett på sjølve garden, budde ho på ein husmannsplass.⁹³ Forberg austre er dermed eit eksempel på at det fantes dagarbeidarar som var busett på sjølve garden. Likevel var dette berre tilfellet på 2 av gardane på den nordaustlege delen av øya.

⁹⁰ Digitalarkivet 1865: 17-18

⁹¹ Digitalarkivet 1865: 38

⁹² Digitalarkivet 1865: 33-34

⁹³ Digitalarkivet 1865: 24

Dei nordaustlege gardane som husa færrast dagarbeidrar var i 1865 Brustad søndre, Værås vestre og Stangerholdt. På Brustad søndre vart det registrert ein mannleg dagarbeidar som budde på sjølve garden. Han var ifølgje folketeljinga den einaste dagarbeidaren som budde her.⁹⁴ På garden Værås vestre var Ingeborg Olsdatter den einaste dagarbeidaren, og på Stangerholdt var dette tilfellet for Margrethe Jørgensdatter. Ingeborg budde som sagt på ein husmannsplass, noko som også var tilfellet for Margrethe.⁹⁵

Kristine Eriksdatter, Bereth Larsdatter og Mette Jonasdatter var 3 av 12 dagarbeidrarar som budde på den sørvestlege delen av Ytterøy.⁹⁶ I lag med dei mannlege dagarbeidarane fordelte dei seg på følgjande måte: 2 budde på Erstad nedre; 2 budde på Gilberg øvre; 2 budde på Jørstad vestre; 2 budde på Sandsøren; 1 budde på Berg vestre; 1 budde på Audsen; 1 budde på Jønvik; og den siste på Skjerve. Om ein ser bort ifrå den mannlege dagarbeidaren som budde på sjølve garden Erstad nedre,⁹⁷ budde alle dagarbeidarane i hus eller på husmannsplassar som hørde til dei forskjellige gardane.

Hos dagarbeidarane kan ein sjå ein samanheng mellom busetjingsmønsteret og gruvedrifta. Det er tydleg at dei fleste som hadde arbeid utanom jordbruksdelen i 1865, var busett på den nordaustlege delen av øya. For dagarbeidarane var dette tilfellet for 20 personar der 8 var kvinner og 12 var menn. Med tanke på at det var her Ytterø Mining Company hadde mesteparten av verksemda si, er det mogleg at mange av dagarbeidarane kan ha hatt tilknyting til gruveselskapet. Selskapet hadde som sagt oppstått på grunn av industrialiseringa, og denne utviklinga skapte eit behov for arbeidskraft innanfor fleire verksemder. For kvinnene var det vask, skuring og spesielt saumen som ga mogleger for ekstra inntekter. I løpet av livet sitt kunne derfor fleire kvinner arbeide med å sy for andre eller som sjølvstendige syersker.⁹⁸ På bakgrunn av dette er det mogleg at fleire kvinnelege dagarbeidarane hadde ulike arbeidsoppgåver hos Ytterø Mining Company som var knytt til for eksempel sying, vasking eller skuring. Det er vertfall liten tvil om at dei fleste dagarbeidarane budde på den delen av øya der gruvedrifta var mest omfattande.

⁹⁴ Digitalarkivet 1865: 19

⁹⁵ Digitalarkivet 1865: 21

⁹⁶ Digitalarkivet 1865: 44, 50 og 67

⁹⁷ Digitalarkivet 1865: 67

⁹⁸ Hagemann 2005: 184

Til slutt kan påpeikast at det ikkje budde nokon dagarbeidarar på Forberg vestre, altså garden som husa flest tilsette. Det vil seie at det må ha vore andre kvinner som blant anna laga mat for dei tilsette som budde her. Slike oppgåver kan derfor ha vorte utført av konene og døtrene på garden. Dei kvinnelege dagarbeidarane er med andre ord ikkje dei einaste som kan ha utført oppgåver for Ytterøy Mining Company.

Fødestad

Det er ikkje overraskande at Ytterøy var staden som hadde høgst fødselstal blant dagarbeidarane i 1865. Likevel fantes det dagarbeidarar som kom frå andre stadar i landet. I denne delen av oppgåva blir det først sett nærmere på fødestaden til dei kvinnelege dagarbeidarane, og deretter til dei mannlege dagarbeidarane. Til slutt blir desse funna diskutert. Stadane som blir nemnt vil framleis referere til prestegjeld med mindre noko anna blir presisert. «Ytterøy» vil derimot halde fram med å vise til sjølve øya.

Blant dei kvinneleg dagarbeidarane vart Karen Pedersdatter, Ingeborg Nikolaisdatter, Bereth Larsdatter og Elisabeth Jensdatter født på Ytterøy.⁹⁹ Det vil seie at dei 7 andre kvinnene vart født andre stadar enn øya. Thale Pedersdatter og Kristine Eriksdatter vart født i Inderøy¹⁰⁰; Lusia Olsdatter vart født i Skogn¹⁰¹; Margrethe Jørgensdatter vart født i Lesja¹⁰²; Ingeborg Olsdatter vart født i Gausdal¹⁰³; Marith Pedersdatter vart født i Selbu¹⁰⁴; og Mette Jonasdatter vart født i Frosta¹⁰⁵.

Hos dei mannlege dagarbeidarane vart 10 menn født på Ytterøy. Om ein reknar med dei 3 dagarbeidarane som står oppført med Ytterøy prestegjeld som fødestad, vart 13 menn født i prestegjeldet. Resten av dei 21 mannlege dagarbeidarane vart født andre stadar, og frå kvart av desse områda kom det berre ein dagarbeidar. Stadane det er snakk om er Inderøy, Skogn, Stjørdal, Trondheim, Meldal, Oppdal, Ringebu og Gausdal. Trondheim refererer til ein

⁹⁹ Digitalarkivet 1865: 33, 17, 50 og 34

¹⁰⁰ Digitalarkivet 1865: 24 og 44

¹⁰¹ Digitalarkivet 1865: 18

¹⁰² Digitalarkivet 1865: 21

¹⁰³ Digitalarkivet 1865: 31

¹⁰⁴ Digitalarkivet 1865: 38

¹⁰⁵ Digitalarkivet 1865: 67

kjøpstads, og det er usikkert om Stjørdal refererer til eit prestegjeld med tanke på at området vart delt inn i Øvre og Nedre Stjørdal på 1860-talet.¹⁰⁶

Om ein samlar resultatet for kvinnene og mennene, ser ein at 24 dagarbeidarar vart født i Nordre Trondhjems amt, 4 dagarbeidarar vart født i Søndre Trondhjems amt, og 4 dagarbeidarar vart født i Kristians amt. Det vil seie at ein ser det same mønsteret hos dagarbeidarane som hos dei tilsette. Sjølv om det er lite overraskande at det budde personar på Ytterøy som vart født i prestegjeld som Skogn og Inderøy, altså stadar som låg nærmere øya, er det overraskende at mange faktisk vart født på stadar som Gausdal. Dette er ein indikasjon på at Ytterøy var ein attraktiv stad å flytte til, noko som truleg skuldast opprettinga av Ytterøy Mining Company. Håpet om arbeidet ved det relativt nyopprettet selskapet kan blant anna ha vore grunnen til at Ingeborg Olsdatter kom reisande heile vegen frå Gausdal.

Sivilstatus og familie

Mette Jonasdatter var ein av dei gifte dagarbeidarane, og budde i 1865 saman med sonen sin.¹⁰⁷ Det er usikkert kva mannen hennar dreiv med sidan han ikkje vart oppført i folketeljinga. I denne delen av oppgåva blir det sett nærmare på både sivilstatusen og familien til dei 32 dagarbeidarane. Desse personane blir først undersøkt med utgangspunkt i tre kategoriar: gift, ugift og enke/enkemann. Deretter blir det undersøkt kor mange som budde saman med barn og/eller ektefelle.

Mette Jonasdatter var som sagt gift i 1865, og var derfor ein av 11 gifte dagarbeidarar. Ho var den einaste kvinnen blant desse personane. Likevel viste undersøkinga av folketeljinga at dei fleste dagarbeidarane var ugifte. Meir nøyaktig var dette tilfellet for 15 personar, og Kristine Eriksdatter, Ingeborg Nikolaisdatter, Lusia Olsdatter, Margrethe Jørgensdatter og Thale Pedersdatter var dei einaste kvinnene som var ugifte.¹⁰⁸ Det vil seie at dei 6 andre dagarbeidarane kunne plasserast i kategorien «enke/enkemann». Ingeborg Olsdatter, Karen Pedersdatter, Elisabeth Jensdatter, Marith Pedersdatter og Bereth Larsdatter utgjorde ifølgje

¹⁰⁶ Krefting, O. (1868). *Kart over Nordre Trondhjems amt*. Kartverket.

https://kartverket.no/historiske/10/10675_amt2_nordre-trondhjems-amt-59-2_1868.jpg300dpi.jpg

¹⁰⁷ Digitalarkivet 1865: 67

¹⁰⁸ Digitalarkivet 1865: 44, 17, 18, 21 og 24

folketeljinga 5 av 6 personar som kunne plasserast i denne kategorien.¹⁰⁹ Nesten halvparten av kvinnene var altså enker i 1865.

Alle gifte dagarbeidarane budd i 1865 saman med familie. Mette Jonasdatter, den einaste gifte kvinnen, var busett saman med sin 4 år gamle son Ole.¹¹⁰ Likevel fantes det 2 ugifte dagarbeidarar som vart registrert med familie. Margrethe Jørgensdatter var nemleg ugift og budde saman med si 2 år gamle dotter Marie Magdalena.¹¹¹ I tillegg var ugifte Ingeborg Nikolaisdatter busett saman med sin 23 år gamle son Johannes, som også var dagarbeidar.¹¹²

Det var ikkje eit nytt fenomen at barn vart født utanfor ekteskap på 1800-talet. Fleire kvinner vart sittande igjen med barnet, og var avhengig av å finne måtar å forsørge seg sjølv og ungen på.¹¹³ Margrethe Jørgensdatter ser ut til å ha vore ei av desse kvinnene. Ho kom som sagt heile vegen frå Lesja, og reiste mest sannsynleg til Ytterøy på jakt etter arbeid. Med tanke på at Ytterøy Mining Company var den største verksemda på øya, er det mogleg at ho som dagarbeidar utførte ulike oppgåver for selskapet.

Alder

Ifølgje folketeljinga var Elisabeth Jensdatter 67 år gamal, og dermed den eldste kvinnelege dagarbeidaren.¹¹⁴ I denne delen av oppgåva blir det sett nærmere på alderen til dagarbeidarane, og fokuset vil vere på dei eldre kvinnene som Elisabeth. For å gjere funna frå folketeljinga mest mogleg oversiktlege, har alderen til dei 32 dagarbeidarane vorte samla i diagrammet nedanfor. Diagrammet viser kor mange mannlege og kvinnelege dagarbeidarar som var i aldersgruppene 20-29 år, 30-39 år, 40-49 år og over 50 år i 1865.

Diagrammet nedanfor viser at Elisabeth var ein av 5 kvinner som var over 50 år i 1865. Dersom ein samanliknar desse tala med sivilstatus, ser ein at alle kvinnene som var over 50 år var dei

¹⁰⁹ Digitalarkivet 1865: 31, 33, 34, 38 og 50

¹¹⁰ Digitalarkivet 1865: 67


¹¹¹ Digitalarkivet 1865: 21

¹¹² Digitalarkivet 1865: 17

¹¹³ Hagemann 2005: 174-175

¹¹⁴ Digitalarkivet 1865: 34

same personane som var enker. Sidan ei enke som Elisabeth Jensdatter vart oppført som dagarbeidar, kan det vere eit teikn på at ho ikkje lenger hadde ein plass i det tradisjonelle hushaldet, og dermed måtte finne ein anna måte å forsørge seg sjølv på. Dette kan også ha vore tilfellet for Bereth Larsdatter, Marith Pedersdatter, Ingeborg Olsdatter og Karen Pedersdatter, som var 4 av dei andre kvinnelege dagarbeidarane over 50 år.¹¹⁵



Det som er interessant å legge merke til i diagrammet er aldersforskjellen mellom dagarbeidarane. Sjølv om det fantes langt fleire tilsette enn dagarbeidrarar, var aldersforskjellen mellom yngste og eldste dagarbeidar faktisk like stor som hos dei tilsette. Den yngste dagarbeidaren var nemleg 20 år og den eldste var 69 år. Det vil seie at sjølv om det ikkje fantes personar i alle aldrar mellom 20 og 69 år, varierte alderen på dagarbeidarane på same måte som hos dei tilsette. Både hos dei mannlige og kvinnelige dagarbeidarane var det personar i 20-, 30-, 40-, 50- og 60-åra.

Kapittel 4: Oppsummering og avslutning

Denne oppgåva har undersøkt kven som var tilsett ved Ytterø Mining Company i 1865. Med utgangspunkt i folketeljinga for Ytterøy prestegjeld, viste det seg at alle 197 tilsette først og fremst var menn. Dei fleste av desse mennene budde på den nordaustlege delen av øya. Sidan Forberg vestre vart kjøpt opp av gruveselskapet i 1865, var det denne nordaustlege garden som husa flest tilsette. Deretter var det busett flest tilsette på gardane Forberg austre, Øvre, Stangerholdt og Værås vestre. Busetjingsmønsteret viser at gruvedrifta tilpassa seg

¹¹⁵ Digitalarkivet 1865: 50, 38, 31 og 33

jordbruksamfunnet på øya. Grunnen til at dei fleste tilsette budde på dei nordaustlege gardane hadde samanheng med plasseringa til gruvene. Dei fleste gruvene var nemleg plassert på denne delen av øya. Likevel fantes det gruver på den sørvestlege delen av øya, noko som kan forklare kvifor enkelte tilsette var busett der.

Fødestaden til dei tilsette viste at Ytterø Mining Company var ei bedrift som trekte til seg personar frå mange stadar rundt om i landet. Dei fleste kom frå Trøndelag, men det fantes også tilsette som kom frå Romsdals amt, Kristians amt, Stavanger amt og Hedemarkens amt. I tillegg kom ei lita gruppe med tilsette frå Sverige. Mange av dei som kom reisande, men også dei som budde på øya før 1865, var busett med familien sin. Her viste det seg at dei fleste gifte tilsette budde saman med barn og/eller kone. Dette var derimot ikkje tilfellet for dei ugifte tilsette, som utgjorde den største gruppa når det gjaldt sivilstatus. Ein stor del av dei tilsette var derfor unge, ugifte menn som hadde behov for eit levebrød.

Sidan det finst ulike sider ved gruvedrifta som ikkje er synlege i folketeljinga, har også dagarbeidarane vorte undersøkt. I eit forsøk på å få kvinnene fram i lyset, har hovudfokuset vore dei 11 kvinnelege dagarbeidarane som budde på Ytterøy i 1865. Her viste det seg at dei fleste kvinnene budde på den nordaustlege delen av øya, noko som mest sannsynleg hadde samanheng med gruvedrifta. Ein del av dei kvinnelege dagarbeidarane kom frå Trøndelag, men nokre kom også frå andre stadar i Noreg. I tillegg var nokre av kvinnene busett saman med familie, noko som både gjaldt dei som var gifte og ugifte. Sjølv om fleire av dei kvinnelege dagarbeidarane var eldre enker, var det også kvinner i 20-, 30- og 40-årsalderen.

Målet med denne oppgåva har som sagt vore å auke kunnskapen om eit tema som, etter mi mening, høyrer heime i noregshistoria. Det finst sjølv sagt fleire tema og perspektiv ved gruvedrifta i 1860-åra som ikkje har vorte omtalt her, og håpet er at oppgåva vil vekke interesse for vidare undersøkingar av gruvedrifta på Ytterøy.

Litteraturliste

- Aas, E. (2018). *Bergverket på Ytterøy: Historien om Trøndelags første kobberverk og Norges største svovelkisgruve*. Ytterøy Bygdetun, Stiftelsen.
- Berg, B. I. (2016a). Bergindustrien i moderne tid 1814-2015. I B. I. Berg (Red.), *Bergverk i Norge: Kulturminner og historie* (s. 65-100). Fagbokforlaget.
- Berg, B. I. (2016b). Modum Blåfarveverk. I B. I. Berg (Red.), *Bergverk i Norge: Kulturminner og historie* (s. 297-306). Fagbokforlaget.
- Berg, B. I. (2016c). Røros kobberverk. I B. I. Berg (Red.), *Bergverk i Norge: Kulturminner og historie* (s. 151-164). Fagbokforlaget.
- Digitalarkivet. (1845). «Folketellingen 1845, bind 9A: Nordre Trondhjems amt». <https://www.digitalarkivet.no/source/68687>
- Digitalarkivet. (1855). «Folketellingen 1855, bind 6A: Nordre Trondhjems amt og Nordland amt». <https://www.digitalarkivet.no/source/65531>
- Digitalarkivet. (1865). «Folketelling 1865 for 1772P Ytterøy prestegjeld». <https://www.digitalarkivet.no/source/38340>
- Falck-Muus, R. (1956). «Ytterøens Kaaberværk»: Et av de eldste bergverkene våre. *Årbok for 1956*, 36, s. 28-74.
- Hagemann, G. (2005). Del III De stummes leir? 1800-1900. I I. Blom & S. Sogner (Red.), *Med kjønnsperspektiv på norsk historie: Fra vikingtid til 2000-årsskifte* (2. utg., s.157-253).
- Koren, K. (1896). *Anton Sophus Bachke: Træk af hans Liv og Virksomhed 1836-20/6-1896*. W.C Fabritius & Sønners Bogtrykkeri.
- Krefting, O. (1868). *Kart over Nordre Trondhjems amt*. Kartverket. https://kartverket.no/historiske/10/10675_amt2_nordre-trondhjems-amt-59-2_1868.jpg300dpi.jpg
- Lie, E. & Roll-Hansen, H. (2001). *Faktisk tall: Statistikkens historie i Norge*. Universitetsforlaget.
- Mikkelsen, B. M. (2020). *Ytterøy gårds- og slektshistorie: Bind 2: Matrikkelgårdene 1800-1930*. Faktrykk AS.
- Sandvik, P. T. (2005a). Et samfunn i bevegelse, kommunikasjonene bygges. I I. Bull (Red.), *Trøndelags historie: Bind 3: Grenda blir global 1850 til 2005* (s. 27-36). Tapir Akademisk Forlag.
- Sandvik, P. T. (2005b). Mjølk, marknad og maskiner. I I. Bull (Red.), *Trøndelags historie: Bind 3: Grenda blir global 1850 til 2005* (s. 39-59). Tapir Akademisk Forlag.

- Tretvik, A. M. (2005a). Ei befolkning i vekst og rørsle. I I. Bull (Red.), *Trøndelags historie: Bind 3: Grenada blir global 1850 til 2005* (s. 125-143). Tapir Akademisk Forlag.
- Tretvik, A. M. (2005b). Livet i og mellom husa. I I. Bull (Red.), *Trøndelags historie: Bind 3: Grenada blir global 1850-2005* (s. 145-170). Tapir Akademisk Forlag.
- Ytterøyutvalget. (u.å.). *Om Ytterøy*. Ytterøy. <https://ytteroy.no/>
- Østnes, P. Ø. (2016). Folldal Verk. I B. I. Berg (Red.), *Bergverk i Norge: Kulturminner og historie (185-196)*. Fagbokforlaget.

